

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
28. 10. 2016	
Ark. saksnr. 16/2690	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Lars Kåre Urdal
Kleivane 36
5416 Stord

October 23, 2016

Lindås Kommune
Byggesaksavdeling
Kvernhusmyrane 20
5914 Istalstø

Saksnummer 16/2690

Varsel om mogleg pålegg – gbnr 220/15.

Det blir vist til kommunen sitt brev av 21.09.2016 som er sendt meg i kopi.

I brevet kjem det fram at kommunen ikkje er kjent med kven som er ansvarleg for å ha endra grunnen knytt til avkøyrsla. Det er underteikna som har føretatt denne endringa, eg eig naustet og eigedommen like innanføre avkøyrsla. Eg skjønner etter kommunen sitt brev av 21.09.2016 at eg skulle ha søkt om denne endringa. Då vegen er steng på grunn av ras/rasfare, er det ikkje høve til å køyre til eigedommen min frå andre sida av tunnelen slik føresett i kommunen sitt brev. Eg vil derfor søke om løyve til tiltaket og ber om at kommunen vegleiar meg i høve til denne søknadsprosessen.

Kommunen skriv at det ikkje er tillate å nytta «gangavkøyrsla» som køyreveg. Dette var eg ikkje kjend med. På skiltet som viser at det er gang og sykkelveg, er det oppgitt at køyring til eigedom er tillat, det er også sett opp eit vikeplikt skilt som viser at det er vikeplikt frå vegen og ut på E39, sjå vedlagt foto.

Kommunen føreset at retting må skje på ein slik måte at ein sikrar at krysset sør for tunnelen ikkje kan nyttast for bilkøyring. Det blir lagt til grunn at dette ikkje vil bli pålagt underteikna dersom kommunen vedtar at underteikna må foreta retting. Det vil i tilfelle vera eit pålegg om nyetablering, og utanføre det eg som privatperson har høve til å gjera.

For ordens skuld vil eg forklare bakgrunnen for endringa. Avkøyrsla vart midlertidig tilrettelagt for å få tilkøyrd betong i samband med reparasjon etter at eit lasteskip hadde påført kaia mi omfattande skader etter at is blei pressa inn mot den. Betongbilen var for stor til å nytta den andre tilkomstvegen og måtte derfor ha høve til å køyre ut/inn og snu på staden.

Som eg har vist i mine tidlegare brev, er eg opptatt av å sikre dei mjuke trafikantane. Etter mi meining kan dette bare skje ved at det blir etablert ein trygg gangveg frå nord for tunnelen, forbi tunnelen på utsida og vidare sørover langs E39 (likevel slik at underteikna kan gå frå hovudbruket på andre sida av E39 og til sjøen). Dette inneber at vegen må sikrast for ras, bli brøyta om vinteren og vedlikehalde slik at vegstandarden elles gjer vegen ferdbar. Fram til vegen blir ferdbar, vil eit forbod mot køyring inn og ut på vegen sør for tunnelen

føre til at eg ikkje lengre kan køyre til nausteigedommen, noko som vil vera urimeleg tyngande for meg og eg vil ikkje kunna bruke naustet som føresett. Det er naudsynt å kunna frakta blant anna fiskeutstyr, materiale, bensin til påhengsmotor mv med bil.

Eg har ikkje noko i mot å nytta avkøyrsla nord for tunnelen, eg vurderer dette som mest trafikksikkert når vegen blir ferdbar. Fram til det, vil endringa som eg vil søke om løyve til føre til at «gangavkøyrsla» blir meir trafikksikker og høveleg enn den var tidlegare, sikta er bedra og det er lettare å køyra ut på vegen både i høve til at påkøyrsla skjer i mindre stigning og i høve til at fast underlag gjev betre veggrep.

Eg høyrer gjerne frå dykk.

Lars Kåre Urdal

Lars Kåre Urdal.